

Rettleiing for utfylling av spørjeskjema

Generelt

Medietilsynet er eit statleg organ som mellom anna har til oppgåve å føre tilsyn med marknads- og eigarforhold i dagspresse, radio og fjernsyn. Vidare skal tilsynet hjelpe til å skape større openheit, merksemd og kunnskap om eigarforhold i norske medium. Medietilsynet samlar derfor kvart år inn informasjon om eigarskap i norske medieselskap. Medieeigarskapslova § 13 gir tilsynet heimel til å hente inn all informasjon som er nødvendig for å utføre gjeremåla sine. Loven kan lesast på nettsida til Medietilsynet www.medietilsynet.no.

Opplysningane som blir samla inn ved hjelp av dette skjemaet, vil bli lagra i ein database hos Medietilsynet og deretter gjort offentleg tilgjengelege på www.medieregisteret.no. Tenesta er godkjend av Datatilsynet.

Namnet på avisa

Før berre opp namnet på avisa. Eventuelle dotterselskap får eigne brev.

E-postadressa til avisa

Den offisielle e-postadressa til avisa skal først opp. Om det ikkje finst noka slik adresse, kan e-postadressa til kontaktpersonen først opp.

Internettadressa til avisa

Før opp adressa til den eventuelle nettstaden til avisa her.

Nettavis

Set kryss for "ja" dersom det blir utgitt ei nettavis med redaksjonelt innhald som i hovudsak er allment nyhende- og aktualitetsstoff, der det redaksjonelle innhaldet normalt blir oppdatert jamleg (dvs. minimum to gonger per veke med unntak av ferieperiodar). Dersom internettadressa går til ei statisk side som berre viser informasjon om abonnement eller liknande, skal ein krysse av i "nei"-feltet. Ein skal også krysse av i feltet "nei" dersom sida viser redaksjonelt innhald, men innhaldet normalt blir oppdatert sjeldnare enn to gonger per veke.

Kontaktperson

Kontaktperson er nødvendig fordi Medietilsynet kan få behov for å ta kontakt. Skriv namn og stilling til kontaktpersonen, og e-postadresse og telefonnummer som vedkommande kan treffast på.

Utgjevingsdagar i 2008

Sett kryss for dei vekedagane avisa kom ut per 31.12.2008.

Type avis

Sett kryss for kva type avis det gjeld; gratisavis eller betalavis.

Utgjevingar i 2008

Før opp kor mange utgjevingar avisa hadde totalt i 2008, og vidare kor mange av utgjevingane som var på kvardagar og kor mange som var på søndagar.

Årsabonnement

Før opp prisen for å abonnere på avisa i eitt år.

Namnet på utgjevareselskapet

Mange aviser blir gitt ut av selskap som har eit anna namn enn namnet på avisa. I slike tilfelle er det eigarane i utgjevareselskapet som skal registrerast.

Organisasjonsnummeret til utgjevareselskapet (jf. det førre punktet)

Kven eig utgivareselskapet, og kor stor eigardel har dei?

For at Medietilsynet skal kunne registrere informasjonen, må organisasjonsnummer vere korrekt. Før berre opp eigarar med fem prosent eller større eigardel. Dersom det ikkje er plass til alle eigarane med fem prosent eller mer, kan eige ark leggjast ved. Dersom ingen av eigarane har over fem prosent, blir de skrive på siste linje. I siste linje kan talet på eigarar som kvar har mindre enn fem prosent av aksjane i avisa, først opp. Samla del av aksjane i avisa skal også først opp.

Eigarinteresser i andre medieverksemder

Har utgivareselskapet eigardelar i andre medieverksemder innanfor presse eller kringkasting, skal desse først opp med den respektive eigardelen i prosent. Om det ikkje er plass til alle selskapa, kan eige ark leggjast ved.

Gjeld berre for gratisaviser:

Dekningsområde

Før opp kommunen/-ane der avisa blir distribuert.

Utgjevarstaden

Før opp staden/kommunen der avisa blir produsert/utgjeven.

Gjennomsnittleg distribusjon

Før opp gjennomsnittleg tal for distribuerte eksemplar i 2008.

Innsending av aviser

Medietilsynet vurderer kvar einskild avis om den fell innanfor tilsynet sin avisdefinisjon. Vurderinga byggjer på ulike faktorar, mellom anna profilen til avisa. På bakgrunn av dette treng tilsynet å få tilsendt tre ulike eksemplar av avisa frå 2008.